

# Busetnadssoge (BSS)

**Frå ferdig registrerte kjeldedata til ferdig-  
redigert tekst til «slektshistoria».  
Grunnleggjande oppbygging og  
funksjonalitet.**

Arnfinn Kjelland og Ole Martin Sørungård

NLI-seminaret 13.9.2005: IKT i lokalhistoria





# Busetnadssoge – BSS

- eit heilt generelt hjelpemiddel for forfattaren i arbeidet med den s.k. «ættesoga» i bygdebokverk
- skal kunne nyttiggjere seg alle aktuelle kjeldeseriar
- skal avlaste forfattaren i rutinemessig søking i informasjonen
- skal ta vare på all kompetent bearbeiding av informasjonen bygdebokforfattaren gjer
- skal produsere tekstfiler som kan sendast rett til trykkeri utan vidare behandling
- får diverse andre hjelpemiddel etter kvart





# Fleksibilitet – metodemerknader:

- dei fleste arbeidsoperasjonar i BSS er ikkje «låste», men kan utførast på fleire forskjellige måtar
- BSS tek omsyn til at kjeldematerialet kan variere, føreset ikkje at spesielle seriar er tilgjengelege
- BSS krev ingen særskilt busetnadsstruktur («norsk landsbygd»)
- BSS krev derfor god kjelde- og metodekunnskap hos brukaren – er ikkje eit verktøy for rutineprega «dugnadsarbeid» (som t.d. kjelderegistrering)



# Nokre sentrale definisjonar:

- hending/«personhistorisk kjeldehending»: ei hending innført i ei primærkjelde (t.d. dåp, jordfesting, hushald i folketeljing), kan omhandle ein/fleire personar
- personhending: ei hending knytt til ein og berre ein bestemt identifiserbar person i ein kjeldeinnførsel, t.d. «far ved dåp», «tenestedreng ved folketeljing» osv.
- person: eitt menneske som kan påvisast gjennom ei eller fleire personhendingar i kjeldematerialet
- relasjonar: biologiske, sosiale og/eller juridiske samband mellom personar
- persongrupper: oftast d.s.s. ein «kjernefamilie», kan òg gjelde andre «partnerrelasjonar»/enkeltpersonar





# Oppgåver ein nyttar BSS til:

- opprette og fortløpande vedlikehalde eit bustad-register der alle bustadar som har eksistert eller eksisterer i under-søkingsområdet er med
- importere alle dataregistrerte kjeldeseriar
- normalisere person- og stadnamn for:
  - effektive søk
  - normalisering av namn i manuskript etter bestemte reglar
- søke fram og lenke personhistoriske kjeldehendingar, dvs. opprette ferdige personar og -relasjonar (familiar o.a. persongrupper)
- plassere persongrupper på definerte bustader
- køyre ut manuskript til bustad- og personregisteret






# Utgangspunkt: kjeldene

- kjeldene inneheld informasjon om personar og bustader som er i undersøkingssområdet i dag eller har vore der i undersøkingssperioden (ca 1600–d.d.)
- må sjølvstendig behandlast på vanleg måte (generell kjeldekritikk)
- må helst registrerast ferdig i standardformat (BD87, Augustus) og så importerast før ein tek i bruk BSS
- ikkje alle treng registrerast på førehand





# Bruksdelings skjema, prinsippskisse:





# Bustadregisteret i BSS:

- hierarkisk: prosjektnivå (bygda, kommunen)
- eit seksjonsnivå (normalt band i bokverket)
- eit områdenivå, kan nyttast til «grendesoger»
- eit «namnegardsnivå», kan og nyttast på matrikkelgardar viss ønskeleg
- eit bustad-nivå (hovudnivået: gardsbruk, bustadhus, husmannsplassar)
- eit bustaddel-nivå, for fleire bustader i same hus, bustadblokker o.l.





# Import av registrerte kjelder:

- kjelder kan altså vere registrert på ymse vis – det er ikkje eit krav at det følgjer spesielle standardar (Histform, 4G) eller er brukt spesielle program (BD87, Augustus)
- men det er ein stor fordel at registreringa er gjort systematisk, mhp. feltstruktur og konsekvens
- alle registrerte kjelder blir omformatert i samband med import til BSS, slik at ein kan søke i alle kjelder samstundes
- deretter normaliserar ein person- og stadnamn, for å effektivisere søkinga
- ved søking har ein òg høve til å gå inn i originalkjeldene (dvs. dataversjonen med tilvising til originalen) og bla i dei





# Databasane for Volda består av:

- døypte 1713-18 og 1741–1932: 18.139 postar
- vigde 1715-21, 1741–1932/35: 5.325 postar
- døde/gravlagde 1740–1994: 16.579 postar
- dødsbuskifte 1690–1845: 15.049 postar
- folketeljingane 1801, 1865, 1875: 13.697 postar
- folketeljinga 1900: 4.613 postar
- diverse mindre register, manntal etc.: 5.193 postar
- personar i gamle Volda-/Dalsfjord-soga: 25.704 postar
- til saman 107.526 postar importerte i BSS





# Databasane for Sula består av:

- døypte 1698–1930: 28.975 postar
- vigde/trulova 1698–1939: 9.399 postar
- gravlagde/dødsmedde 1698–2000: 25.408 postar
- folketeljingane 1801, 1865, 1875, 1900: 20.153 postar
- brukarregisteret frå Borgund&Giske: 9.352 postar
- diverse (intr., inn.-/utfl./dødfødde): 8.888 postar
- skjemareg. frå husstandar, personar/stader: 29.854
- til saman 132.029 postar/«personar»/stader i basen



# Demo-versjonen av BSS

- kan kjøpast frå Snøhetta forlag a.s, 2665 Lesja ([kontor@snohetta.no](mailto:kontor@snohetta.no)) for kr 200,-
- **inneheld:**
  - kyrkjebøker for Lesja prestegjeld 1820-1900
  - dødsbuskifte 1820-1843
  - folketeljingane 1865, 1875 og 1900
- **kjem i to variantar:**
  - Lesja\_import: importerte kjelder utan normering av namn
  - Lesja\_normert: --"– der alle namn er normerte

